

Vest Agder Ungdomslag

Årsmelding for Agder folkemusikk - og folkedansnemnd (AFF)2023

Nemnda for Agder folkemusikk og folkedansnemnd har bestått av :

Leiar: Gunvor Syvertsen

Medlemer: Hillbjørg Tveit, Toralf Skoland, Kathrine Skoland, Tor Steinar Fromreide og Arild Mulstad Syvertsen. Svein Jepsen var medlem av nemnda, men trekte seg, og han er erstatta av Kathrine Skoland

Sekretær: Tor Steinar Fromreide

Møte: Vi har hatt 2 AFF – møte, pluss eit møte saman med Borghild Løver for å planleggje vårfesten på Heimtun i samband med Storkurset.

Aktivitetar:

Samarbeidsdansen er godt i gang. Nemnda er gått inn for berre å ha dansen på Heimtun, Vigelandsstua og Ljosheim, og det fungerer godt. Toralf har ansvar for musikken, og Gunvor har ansvar for å få folk til å leie dansen og å avertere på nett.

Heimtun søndag 08. januar. Tor Steinar leia dansen, og Gunvor leia songdansen. Om lag 25 deltakarar

Ljosheim søndag 12. mars. Berit og Otto Krag leia dansen og songdansen. Om lag 35 deltakarar.

Vigelandsstua 16. april. Borghild leia dansen og songdansen. Om lag 28 deltakarar.

Heimtun 10. september. Gunvor leia dansen og Svein Jepsen songdansen. Om lag 30 deltakarar.

Ljosheim 08. september. Osmund Valand leia dansen, og Gunvor songdansen. Om lag 35 deltakarar.

Vigelandsstua 19. november. Elisabeth Stensland leia dansen, og Borghild leia songdansen. Om lag 25 deltakarar.

Kapleik i runddans: På eit samrådsmøte med VAUL kom det opp eit framlegg om å arrangere kapleik i runddans i løpet av året. Dette har vi ikkje kome i mål med.

Vårfest: Vårfesten blei halden på Heimtun i Lyngdal i samband med Storkurset som blei arrangert av Vest-Agder Ungdomslag.

Hautfest: Hautfesten blei halden i BUL–Kristiansand 4. november etter førespurnad i samband med eit dansekurs for ungdom som blei halde der den helga. Lista Trekspillklubb, Agder Spelemannslag og Gard Nergård spelte til dans. Arne Rislåa og Liv Arvidsson leia festen. Det kom om lag 50 personar.

For Agder folkemusikk – og folkedansnemnd: Gunvor Syvertsen